

Referat

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Jan Heier, Olav Luksengård Mjelva, Tove Leinslie, – 1.vara

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Eivind Kaasin – tilsettes representant, Bjørn Sletten under sak 15 c, Sigurd Reinton under sak 22, Rannveig Djønne under sak 23-25.

Tid: Tysdag 25.mars kl.10-18

Stad: Schous

Sakliste

- Styresak 2014/14** Innkalling og sakliste
- Styresak 2014/ 15** Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- a) Rekneskap 2013 – versjon 2 framleis førebels
 - b) Orientering
 - c) Orientering om status i omlegging av informasjonsarbeidet
 - d) Orientering om driftstilskot til FolkOrg
- Styresak 2014/15** Sakliste årsmøte 2014 – kven presenterer kva saker.
- Styresak 2014/16** Budsjettframlegg 2015
- Styresak 2014/17** Saksframlegg om overgang til landsmøte kvart andre år
- Styresak 2014/ 18** Saksframlegg overgang til ny langtidsplan
- Styresak 2014/19** Framlegg til ny representant til valnemnda
- Styresak 2014/20** Framlegg til dirigentar til årsmøte
- Styresak 2014/21** FolkOrg sine vedtekter knytt til områdelaga
- Styresak 2014/22** Folkelarm som eigen organisasjon – på kva måte skal vi arbeide med det?
- Styresak 2014/23** Landskappleik 2015: Søknad frå Valdres Folkemusikkarrangement.
- Styresak 2014/24** Landskappleiken 2014: diverse
- Styresak 2014/25** Landsfestivalen 2014: diverse
- Styresak 2014/26** Utnemning av heidersmedlem
- Styresak 2014/27** Årets lokallag
- Styresak 2014/28** Eventuelt
- Styresak 2014/14** Innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2014/ 15 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Vedlegg: Rekneskap 2013 v.2 førebels, orienteringar, notat om danseutdanning, orientering om driftstilskotet til FolkOrg, kopi av brev om driftstilskot send KUD.

- a) **Rekneskap 2013 – versjon 2 framleis førebels**
- b) **Orienteringar**
- c) **Orientering om status i omlegging av informasjonsarbeidet**
- d) **Orientering om driftstilskot til FolkOrg**

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2014/15 Sakliste årsmøte 2014 – kven presenterer kva saker.

Vedtak:

- a) Styret godkjenner framlegg til sakliste til årsmøte
- b) Disse presenterar dei ulike sakene:
 - Sak 1-3, inkludert det å ønskje velkommen: Per Øyvind Tveiten
 - Sak 5 Årsmelding: Per Øyvind Tveiten og Mari Skeie Ljones
 - Sak 6 Rekneskap 2013: Per Øyvind Tveiten
 - Sak 8 Langtidsplan: Helene M.Bolstad + ein til
 - Sak 10 og 11, budsjett 2014 og 2015: Hilde Reitan
 - Sak 12 Endring i Frekvens på generalforsamling i FolkOrg: Per Øyvind Tveiten
 - Sak 13 oppnemning av revisor: er Øyvind Tveiten
- c) Seminar: På seminaret om områdelag er Jan Heier moderator. På seminar om dansearenaer bidreg Ellen Persvold om det er trong for det.

Styresak 2014/16 Budsjettframlegg 2015

Vedtak:

- a) Styret i FolkOrg vedtek framlegg til revidert budsjett for 2014 om sitt framlegg til årsmøte.
- b) Styret i FolkOrg vedtek framlegg til budsjett 2015 som sitt framlegg til årsmøte.

Styresak 2014/17 Saksframlegg om overgang til landsmøte kvart andre år

Vedtak:

Styret i FolkOrg godkjenner saksframlegg om overgang til landsmøte kvart andre år. Framlegg til vedtak frå styret til årsmøtet vert:

- a) FolkOrg går over til å ha Landsmøte kvart andre år. Det vert møte i 2015 deretter kvart andre år.
- b) Framlegg til desse endringane av vedtektene vert vedteke:
 - "Årsmøte" vert skifta ut med "Landsmøte" gjennomgåande i vedtektene.
 - §5 første setning endrast frå: " Årsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal haldast kvart år innan utgangen av april måned. " til **"Landsmøtet er høgste organ i organisasjonen og skal haldast kvart andre pr innan utgangen av april måned"**
 - § 8 endrast frå
"§ 8 Saker på årsmøtet
Årsmøtet handsamar:
 - årsmelding
 - rekneskap
 - prinsippprogram
 - arbeidsprogram
 - fastsetjing av medlemspengar
 - budsjett
 - oppnemning av revisor
 - innkomne saker
 - val av tillitsfolk

Rekneskapen følgjer kalenderåret."

Til:

"§8 Saker på årsmøtet

Årsmøtet handsamar:

- **Årsmelding for dei to siste åra**

- **Rekneskap på dei to siste åra**
- **Langtidsplan**
- **Fastsetjing av medlemspengar**
- **Budsjett**
- **Oppnemning av revisor**
- **Innkomne saker**
- **Val av tillitsfolk**

Rekneskapen følgjer kalenderåret”

➤ § 9 endrast frå: §9 Val av tillitsfolk

Årsmøtet vel eit styre på sju personar:

- ein styreleiar for eitt år
- to nestleiarar for to år slik at det kvart år er ein nestleiar på val
- fire styremedlemmer for to år slik at det kvart år er to styremedlemmer på val

Årsmøtet vel også:

- tre varamedlemmer til styret for eitt år
- 3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer. Desse skal veljast for 2 år, men slik at ikkje alle tre er på val samstundes
- ei valnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i valnemnda

Årsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer for tre år, slik at det kvart år kjem ein ny medlem inn i tilsynsnemnda.

Når årsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.

Til : §9 Val av tillitsfolk

Landsmøtet vel eit styre på sju personar

- ein styreleiar
- to nestleiarar

- **fire styremedlemmer**

Landsmøtet vel også:

- **tre varamedlemmer til styret**
- **3 medlemmer til fagutval for yrkesutøvarar, ein leiar og to medlemmer.**
- **ei valnemnd på tre medlemmer .**
- **Landsmøtet kan velje ei tilsynsnemnd på tre medlemmer**

Valperiode for alle er to år. Landsmøte bør arbeide for å få kontinuitet i styre, arbeidsutval, fagutval for yrkesutøvarar, valnemnd og tilsynsnemnd.

Når landsmøtet vel tillitsfolk, skal det velje eit mest mogleg representativt utval av medlemsmassen.

To av styremedlemmene skal tilhøyre gruppa av yrkesutøvarar innanfor folkemusikk og/eller folkedans. Ein av desse skal vera leiar eller nestleiar.

➤ § 12 endrast frå: §12 Styret sine oppgåver

Styret skal

- **drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og årsmøtevedtak**
- **førebu saker til årsmøtet**
- **godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, faglag og områdelag**
- **tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillinga.**
- **tilsetje det administrative personalet som organisasjonen til kvar tid har økonomi til og behov for.**
- **I alle saker som ifølgje vedtektene ikkje er lagde til årsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler.**

Til: § 12 Styret sine oppgåver

Styret skal

- **drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og landsmøtevedtak**
- **førebu saker til landsmøtet**
- **godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, faglag og områdelag**
- **tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillinga.**
- **tilsetje det administrative personalet som organisasjonen til kvar tid har økonomi til og behov for.**
- **I alle saker som ifølgje vedtektene ikkje er lagde til landsmøtet, kan styret ta endelege avgjersler.**

- **Godkjenne rekneskapen og årsrapport det året det ikkje er landsmøte.**

Styresak 2014/ 18 Saksframlegg overgang til ny langtidsplan

Vedtak:

Styret i FolkOrg godkjenner saksframlegg om ny langtids plan og framlegg til ny langtidsplan med dei korrigeringar som kom under Særskilde satsingar og desse tilleggga når det gjeld måling av resultat:

Under 1. Folkemusikk- og folkedanstradisjonane i Noreg står sterkt:

- Tal på deltakarar på sommerkursa
- Besøk på konsertar og danseframvisningar hos arrangørar i nettverket vårt.
- Tal på utgjevingar.

Under 3. FolkOrg er ein viktig ressurs på folkemusikk- og dansefeltet:

- Tal på medieoppslag om og/eller med FolkOrg
- Tal på lesarar av folkorg.no

Framlegg til vedtak frå styret til årsmøtet vert:

Årsmøtet i FolkOrg vedtek framlegg til Langtidsplan med særskilde satsingar for perioden 2014-2015.

Styresak 2014/19 Framlegg til ny representant til valnemnda

Vedtak: Styret i FolkOrg ber administrasjonen spørje personar i prioritert rekkefølge om å stille som ny representant til representant til valnemnda i FolkOrg:

Styresak 2014/20 Framlegg til dirigentar til årsmøte

Saken utsettast til påmeldinga til årsmøtet er klar, og vert handsama per e-post.

Styresak 2014/21 FolkOrg sine vedtekter knytt til områdelaga

Vedtak:

Administrasjonen evaluerer kva konsekvensar vedtektsendringa frå 2010, der det ikkje lenger er krav om at alle lag i eit områdelag skal vere medlem av FolkOrg, har hatt.

Styresak 2014/22 Folkelarm som eigen organisasjon – på kva måte skal vi arbeide med det?

Vedtak:

FolkOrg ber Helge Skansen - Riksscenen og Hilde Bjørkum – Førdefestivalen om å sitje i ei arbeidsgruppe for å finne ny modell for Folkelarm. I tillegg stiller FolkOrg med dagleg leiar som sekretær for gruppa og eventuelt med eit medlem til frå FolkOrg. Arbeidsgruppa arbeider etter framlagt mandat.

Styresak 2014/23 Landskappleik 2015: Søknad frå Valdres Folkemusikkarrangement.

Vedtak:

Styret i FolkOrg tildeler Valdres folkemusikkarrangement AS Landskappleiken 2015 og ser fram mot eit vidare godt samarbeid

Styresak 2014/24 Landskappleiken 2014: Diverse

Vedtak:

- a) Forslaget til påmeldingsavgift frå LK2014 vert vedteke.
- b) Forslaget til billettprisar frå LK2014 vert godkjent, men styret i FolkOrg ynskjer at arrangørane av Landskappleiken 2014 skal ta ei vurdering av om dei evt. ynskjer å auka prisane på gjennomgangsbillettar med inntil kr 50.
- c) Forslaget til premiebudsjet for LK2014 vert vedteke.

Styresak 2014/25 Landsfestivalen 2014: Diverse

Vedtak:

- a) Forslaget til påmeldingsavgift frå LF2013 vert vedteke.

- b) *Framlegg til billettprisar frå arrangørane av Landsfestivalen 2014 vert godkjend med unntak av gjennomgangsbillettane for ikkje-medlemmer. Her er forslaget ei auke med kr. 100. Styret i FolkOrg vedtek at dei vert auka med kr. 50 i staden for.*
- c) *Forslaget til premiebudsjet for LF2014 vert vedteke.*
- d) *Forslaget til program for LF2014 vert vedteke*

Styresak 2014/26 Utnemning av heidersmedlem

Unntatt offentlegheit

Styresak 2014/27 Årets lokallag

Unntatt offentlegheit

Styresak 2014/28 Eventuelt